

Masfjorden kommune

Bergen, 24.november 2022

# Innspel til «Friluftslivet sine ferdselsårer i Masfjorden»

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) vart grunnlagt i 1890 og er vestlandets største friluftsforsamling med over 30 000 medlemmar. BHT har lokallag i alle kommunar i det gamle Hordaland.

Nordhordland Turlag (NT) er eit lokallag i BHT, som organiserer friluftslivsaktivitetar og dugnadar i heile Nordhordland, mellom anna Masfjorden Kommune. BHT og NT er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) som har over 320 000 medlemmer på nasjonal basis. Turlaga sitt føremål er å tilretteleggje for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

## Overordna merknader

BHT og NT støttar fullt ut føremåla i planen, og er glade for at Masfjorden følgjer opp regjeringa si satsing på friluftslivet. Dette støttar også opp under ein viktig del av turlaga sitt føremål, å sikre friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag, og me vil komme med eit overordna innspel som me meiner kan gjere planen til ein endå betre friluftslivsplan.

**Turlaga meiner omgrepet «friluftsliv» må få ein klår definisjon innleiingsvis**, noko som kan vere med å tydeleggjere korleis ein skal satsa på sikring og utvikling av ferdselsårene. Stortingsmelding 18 (2015-2016)<sup>1</sup> definerer friluftsliv slik: «Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse.»

Denne definisjonen opnar for å vektlegge elementet av naturoppleving som er så viktig for friluftslivets eigenart, og for friluftslivets nytteverdi knytt til psykisk helse. Verdien av å drive friluftsliv er tett knytt saman med kvalitetane til den spesifikke naturen ein oppheld seg i, kvar ein som individ har retta merksemda, og ikkje minst korleis stien er forma og buktar seg i terrenget.

Naturopplevingane er ulike om ein går i omgjevnader prega av stillheit, naturlege lydar eller samfunnsskapa støy, eller om omgjevnadene er prega av inngrep eller er det som kjennes som urørt natur. Det er også ei anna naturoppleving å gå på den breie grusveg, enn den smale stien forma av generasjonars bruk og ferdsle i natur.

Ved å tydeleggjere denne definisjonen av friluftslivet, vert det også klart at kvalitetane ved områda der folk driv friluftsliv er heilt sentrale. Då kan ein også opne for betre tilnærmingar til ivaretaking og tilrettelegging av viktige friluftslivsområdet. **BHT håpar Masfjorden også kan legge til ei kort skildring av naturen og kvalitetane ved dei ulike rutene**, slik at framtidens samfunnsplanlegging veit kva friluftslivsverdiar ein forvaltar.

---

<sup>1</sup> S.10

**BHT ynskjer også at Masfjorden kan synleggjere dei T-merka rutene til turisthyttene i området.** BHT driv tre hytter som er lett tilgjengelege frå Masfjorden. Vardalsbu, Skavlabu og Kalvedalshytta ligg i dei unike og verdifulle, kystnære fjella, og har årleg over 1000 besøkande. Hyttene og rutene inn til desse hyttene er i høgste grad turar av regional verdi. BHT føreslår at dette tilbodet vert omtala under kapittel 2 – «Tilrettelegging av lengre turar og turruter». Her kan ein synleggjere tilbodet om T-merka stiar som følgjer den nasjonale DNT-standarden (merkehandboka.no) med T-merking, varding og skilting. T-merka ruter og turlaget sine hytter inngår i det nasjonale rute og hyttenettverket, og har ein heilt spesiell verdi for turgåarar og turistar.

## Konkrete innspel til utval ruter

BHT meiner det er veldig bra at planen løfter fram dei 30 turforslaga på Masfjordkartet frå 2008. Fleire stader er merkinga av desse turane borte eller lite synleg, og merkinga på desse må vedlikehaldas for å sikre eit godt turtilbod i framtida. Så langt BHT kan sjå er det også tre viktige T-stiar, der turlaget merkar og vedlikeheld, som ikkje er med:

1. Frå Svartavatnet til Skavlabu, med start i Masfjorden.
2. Frå Vetlevatnet til Skavlabu, som tek ein sveip innom Modalen.
3. T-ruta frå Andvik til Kalvedalen Turisthytte

**BHT føreslår å legge til desse to meste brukte rutene til Skavlabu, samt ruta frå Andvik til Kalvedalen.**

Turlaga vil takka for eit godt planutkast, og ser fram til at vedteken plan vil styrka friluftslivet i framtida. Oppsummert er våre innspel:

1. Turlaga meiner omgrepet «friluftsliv» må få ein klår definisjon.
2. BHT håpar Masfjorden også kan legge til ei kort skildring av naturen og kvalitetane ved dei ulike rutene.
3. BHT ynskjer også at Masfjorden kan synleggjere dei T-merka rutene til turisthyttene i området.
4. BHT føreslår å legge til dei to meste brukte rutene til Skavlabu, samt ruta frå Andvik til Kalvedalen.

Med helsing

Helen Ødven  
Dagleg leiar  
Bergen og Hordaland Turlag

Børge Brundtland  
Styreleiar  
Nordhordland Turlag

Dag Sandvik  
Naturvernansvarleg  
Bergen og Hordaland Turlag